

SORTERINGSGUIDE



Restavfall

Noko til overs?

Restavfallet er det som vert att etter at du har sortert ut alle dei andre fraksjonane.

- Gåve/innpakkingspapir
- Papir, papp og plast som ikkje let seg skyljast
- Isopor
- Bleier

Noko skal leverast på miljøstasjonen eller returpunkt.

Nei takk: Batteri, farleg avfall, maling, brukbare klede, sprayboks



Pakk i pose og legg i dunken



Våtorganisk avfall

Dette er avfall som skal komposterast. Bruk bioposar i matavfallet.

- Matavfall
- Teposar, kaffifilter / grut
- Mindre mengder hageavfall
- Serviettar, tørkepapir
- Komposterbare produkt

Eggekartong og aviser fungerer godt til å absorbere fukt slik at ein unngår fuktig og frose avfall.

Nei takk: Emballert mat, snus, hundeavføring, tyggegummi



Bruk biopose og legg i dunken



Papir, papp og drikkekartong

- Aviser, reklame, vekeblad
- Skrivepapir, konvoluttar, bøker utan stive permar
- Papp, gråpapir, brunt papir
- Drikke- og emballasjekartong
- Alt anna papir som ikkje er plastbelagt



Rett i dunken utan pose



Glas- og metallemballasje frå mat- og drikkevarer

- Hermetikkboksar
- Matvareemballasje
- Glassflasker
- Syltetøyglas etc.

Nei takk: Keramikk, drikkeglas, spegl, vindauge



Rett i dunken utan pose



Farleg avfall

Farleg avfall er avfall som kan føre til ureining eller skade på menneske og dyr viss det ikkje vert forsvarleg handsama. Ta kontakt med oss for rett håndtering og evt. beholdere og løysingar for farleg avfall.

- Maling, lim, lakk
- Sprayboksar, spillolje, plantevernmiddel
- Løysmiddel, frostvæske, kjølevæske, vaskemiddel
- Batteri, lysstoffrøyr, sparepærer, lyspærer
- PCB
- Syrer, basar
- Asbest og eternitt



Klede og sko

Det du ikkje lenger brukar, kan andre ha nytte av. Det som er øydelagt kan resirkulerast til andre ting. Brukte og øydelagde tekstilar og sko kan leverast på miljøstasjonen eller ved ulike returpunkt i nærområdet ditt. Sjå simas.no, eller appen MinRenovasjon for å finne næraste returpunkt.



Plastemballasje

Plastemballasje skal sorterast i plastknytesekken og vert henta saman med papir og papp.

- Plastflasker, -kanner, -øskjer, -beger og -boksar
- Bereposar og andre plastbelagte posar

Nei takk: Vedsekkar, isopor, tilgrisa emballasje, hardplast



EE-avfall (elektronikk)

Elektriske produkt som treng straum eller batteri for å fungere, vert EE-avfall når dei skal kastast. Ta kontakt med oss for rett handering og beholdere/løysing for denne type avfall.

Sorterer du? Alle kan gjere litt for miljøet – også du!